

## Emnerapport for DIDASPA2

### Fagdidaktikk i spansk 2

Vår 2012

**Studienivå:** Fagdidaktikk i spansk bygger på Spanskdidaktikk 1 DIDASPA 1 (+ ein bachelorgrad der spansk inngår på minst 100-nivå.)

**Undervisningspråk:** Spansk og norsk

### Læringsutbytte/resultat

”Gjennom studiet skal studentane utvikle innsikt i spanskfaget sitt kultur- og danningspotensiale og kunne gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngeving både historisk og i eit samtidsperspektiv. Dei skal setje seg inn i teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring og kunne bruke desse i arbeidet med å fremje elevane si læring i spansk.

Studentane skal:

kunne vurdere spanskundervisning med omsyn til nasjonale læreplanar og elevane sine ulike læringsmåtar.

skal utvikle evne til å planleggje og gjennomføre tilrettelegging av læringssituasjonar som er formålstenlege for den enkelte elev si språklæring og dei mål som er nedfelte i læreplanane.

utvikle evne til å støtte elevane i arbeidet med å lære spansk og lære å lære.

kunne vurdere elevane si læring i spansk både med omsyn til prosess og sluttkompetanse.”

### Pensum

”Pensum er på 375 sider av normal vanskegrad. Av desse er eit utval sider sams for alle språkfaga. Resten er fagspesifikk. Av dette skal studenten foreslå eit visst tal sider i samråd med faglærer. Pensumlista skal godkjennast av faglærer innan eit fastsett tidspunkt.”

**Antall** studenter tatt opp på emnet: 10

### Undervisning

” - om lag 28 timar førelesingar

- rettleiing

Undervisninga er både nettbasert og i form av førelesingar.”

På forelesningene tas opp aktuelle tema innanfor spanskdidaktikk knyttet til elevautonomi, læringsaktiviteter, IKT og språklæring, den refleksive læreren, mm.

Det obligatoriske arbeidskravet som er følgende:

”For å kunne gå opp til eksamen må studentane innan fastsette tidsfristar:

- ha tatt aktivt del i ein forumdiskusjon på nettet der sentrale fagdidaktiske spørsmål vert drøfta i lys av eigne praksiserfaringar og fagdidaktisk teori
- ha publisert praksisloggar i praksisperioden
- ha deltatt i eit etterarbeid knytt til avtalt tema.”

### Studentevaluering

Det ble gjennomført formell evaluering av dette emnet i våren 2012.

Tilbakemeldinger tyder på at studentene har delvis vært fornøyde med opplegget og de obligatoriske oppgavene. De fleste fant IKT-delen svært nyttig.

### **Faglærers samlede vurderinger, med eventuelle forslag til endringer**

Se ovenfor. Det blir lagt mer vekt på studentinformasjon ang. tema og arbeidskrav gjennom semesteret. Enkelte tema blir bearbeidet ut fra erfaring fra våren.

### **Vurderingsformer**

”Eksamensforma er ei rettleidd prosjektoppgåve eller ein munnleg eksamen med utgangspunkt i digital prosessmappe. Eksamensspråk er norsk eller spansk. Prosjektoppgåva skal ha eit omfang på ca 5000 ord, vedlegg ikkje medrekna. Den munnlege eksamenen varer om lag 30 minutt.”

Prosjektoppgaven kan skrives på norsk eller på spansk.

### **Eksamensresultater**

Alle studentene gjennomførte det obligatoriske arbeidskravet og dermed kvalifiserte for adgang til eksamen.